



GOL KOMMUNE
Gamlevegen 4
3550 GOL

Saksbehandler, innvalgstelefon
Irene Tronrud,

Tilbakemelding på egenkontrollrapport for avløpssektoren for rapporteringsåret 2024 – Gol kommune

Gol kommune har ikkje avvik frå krav i løyvet i rapporteringsåret 2024.

Vi merker oss at Gol avløpsreinseanlegg klarer både reinsekravet for fosfor og sekundærreinsekravet i 2024. Dette er ei stor forbedring samanlikna med føregåande rapporteringar. Vi merker oss vidare at kommunen sjølv rapporterer at Gol avløpsreinseanlegg har kome inn i gode driftsrutinar, etter ombygging og prøvedrift.

Vi tek eigenkontrollrapportane og årsrapportane til etterretning.

Gol kommune skal betale eit gebyr på 10 400 kroner for vårt arbeid med eigenkontrollrapportane. Miljødirektoratet vil ettersende faktura.

Rapporteringsskjema for 2025 vil vere tilgjengeleg for utfylling via Altinn frå februar 2026.

Vi viser til eigenkontrollrapportar og årsrapportar for Gol kommune sitt avløpsnett, samt Gol avløpsreinseanlegg og Golsfjellet avløpsreinseanlegg.

Statsforvaltaren fatta 09.01.2023 vedtak om løyve etter forureiningslova til utslepp av kommunalt avløpsvatn frå Gol tettbygd område i Gol kommune. I brev av 22.02.2023 påklaga Gol kommune vedtaket til Statsforvaltaren. Klagen vart oversendt Miljødirektoratet for endeleg behandling 05.07.2023. Som følge av Miljødirektoratet si klageavgjerd datert 26.06.2024, endra Statsforvaltaren i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus i brev datert 02.09.2024, Gol kommune sitt løyve etter forureiningslova til utslepp av kommunalt avløpsvatn frå Gol tettbygd område i Gol kommune (løyvenummer 2022.1037.T). Det er denne endra løyvet som blir lagt til grunn ved gjennomgang av eigenkontrollrapporteringa for rapporteringsåret 2024.

Avløpsnett til Gol avløpsreinseanlegg

Gol kommune har rapportert at Gol kommune har rapportert at avløpsnettet til Gol avløpsreinseanlegg har 6 installerte nødoverløp og ingen regnvatnoverløp. De har berekna at 2 289 m³ ureinsa avløpsvatn og over 5,3 kg fosfor vart sleppt ut i Hallingdalselva ved overløp i rapporteringsåret 2024. Dette er ein reduksjon samanlikna med rapporteringsåret 2023, då de



berekna at 3 959 m³ ureinsa avløpsvatn og over 29,5 kg fosfor vart sleppt ut i Hallingdalselva. Til samanlikning sleppte Gol avløpsreinseanlegg ut 88 kg fosfor via reinsa avløpsvatn i 2024.

Gol kommune rapporterer at det er 2 830 innbyggjarar, og ingen fritidsbustader tilknytt avløpsnettet i 2024. Dette er same talet som vart rapportert ved fjorårets rapportering.

Gol avløpsreinseanlegg

Det er for 2024 rapportert at Gol avløpsreinseanlegg har motteke og behandla 382 071 m³ avløpsvatn og at 398 m³ har gått i overløp ved avløpsreinseanlegget. Avløpsvatnet i overløp utgjer 0,10 % av alt vatn inn til avløpsreinseanlegget. Det er rapportert om mindre avløpsvatn inn til reinseanlegget i 2024 enn i rapporteringsåret 2023, og vassmengda som har gått i overløp ved anlegget er redusert med 83 % samanlikna med 2023, og har ikkje vore så låg nokon rapporteringsår tidlegare.

Gol avløpsreinseanlegg klarer reinsekravet for fosfor på 93 % i 2024, gjennomsnittleg reinsegrad for fosfor var 96,47 % i 2024. Dette er ei stor forbetring samanlikna med føregåande rapporteringsår. Anlegget har ikkje klart prosentkravet for fosfor sidan 2018. Gol avløpsreinseanlegg overheld også grensa for samla årleg restutslepp av fosfor på 303 kg. Berekna utslepp av fosfor frå anlegget i 2024 var 88 kg, i tillegg er 5,3 kg sleppt ut via overløp på avløpsnettet. Til saman blir dette eit utslepp på 93,3 kg fosfor for 2024.

Anlegget overheld vidare også sekundærreinsekravet i 2024. Dette er også ei forbetring samanlikna med føregåande år. For BOF5 overheld anlegget konsentrasjonskravet på maksimalt 25 mg O₂/l ved utslepp eller kravet til reinseffekt på minst 70 % når vi ser på talet enkeltprøver, og vilkåret om at minst 29 av 36 døgnblandprøver må overhalde krava. Vidare viser også enkeltresultat for KOF at Gol avløpsreinseanlegg overheld konsentrasjonskravet på maksimalt 125 mg O₂/l ved utslepp eller kravet til reinseffekt på minst 75 %, når vi ser på talet enkeltprøver, og vilkåret om at minst 29 av 36 døgnblandprøver må overhalde krava. Gjennomsnittleg reinsegrad for BOF5 var 95,02 % i 2024, medan den for KOF var 93,39 %. Anlegget har ikkje hatt nokon 100 %-overskridingar for verken BOF eller KOF i rapporteringsåret. Kommunen rapporterer om at Gol avløpsreinseanlegg har kome inn i gode driftsrutinar etter ombygging og prøvedrift, og at anlegget har svært gode reinseresultat.

Dimensjonerande kapasitet for Gol avløpsreinseanlegg er oppgitt til å vere 9 293 pe (BOF5). De har rapportert at den målte maksukebelastningen i 2024 var 6 256 pe (BOF5). Etter vår utrekning er maksukebelastningen for BOF5, når vi ser på enkeltprøve i maksveke 21.06.2024, på 7 173 pe (BOF5). Dette er noko høgare enn kva kommunen har målt, men under anlegget si dimensjonerande kapasitet.

Avløpsnett til Golsfjellet avløpsreinseanlegg

Gol kommune har rapportert at avløpsnettet til Golsfjellet avløpsreinseanlegg har 2 installerte nødoverløp og ingen regnvannsoverløp. Det er ikkje rapportert om nokre tilfelle av nødoverløp i 2024. Gol kommune rapporterer at det er 600 fritidsbustader og 25 innbyggjarar tilknytt avløpsnettet til Golsfjellet avløpsreinseanlegg i 2024. Dette er same talet som ble rapportert ved rapporteringa i 2022 og 2023.



Golsfjellet avløpsreinseanlegg

Det er for 2024 rapportert at Golsfjellet avløpsreinseanlegg har motteke og behandla 58 957 m³ avløpsvatn og at 300 m³ har gått i overløp ved avløpsreinseanlegget. Avløpsvatnet i overløp utgjør 0,51 % av alt vatn inn til avløpsreinseanlegget. Det er rapportert om meir avløpsvatn inn til reinseanlegget i 2024 enn det som er registrert nokon gong. Vassmengda inn til avløpsreinseanlegget har auka med 13 % samanlikna med tal for 2023.

Dimensjonerande kapasitet for Golsfjellet avløpsreinseanlegg er oppgitt til å vere 5 100 pe (BOF5). De har rapportert at den målte maksukebelastningen i 2024 var 2 419 pe (BOF5). Etter vår utrekning er maksukebelastningen for BOF5, når vi ser på enkeltprøve i maksveke 29.03.2024, på 3 501 pe (BOF5).

Golsfjellet reinseanlegg klarer reinsekravet for fosfor på 93 % i rapporteringsåret, med ei berekna reinseeffekt på 98,15 % for fosfor. Anlegget overheld også grensa for samla årleg restutslepp av fosfor på 530 kg. Berekna utslepp av fosfor frå anlegget i 2024 var 8 kg.

Anlegget klarer også sekundærreinsekravet for 2024, slik som for føregåande år. Statsforvaltaren merkar at for 9 av dei 18 prøvene de har tatt for BOF5, så oppfyller de berre prosentkravet, og ikkje konsentrasjonskravet. Kommunen rapporterer at Golsfjellet reinseanlegg har store sesongvariasjonar, då det stort sett er tilknytt hytter og hotell på anlegget. De rapporterer vidare at anlegget reinsar svært bra og at det blir brukt mykje tid på driftsoptimalisering for å få tilfredsstillande reinsing.

Tilbakemelding på resipientovervakingsrapport

Statsforvaltaren viser til e-post frå Rambøll v/Embla Østebrøt datert 06.02.2025, med vedlagt årsrapport for 2024 for resipientovervaking i Hallingdalselva ved Gol reinseanlegg og Tisleifjorden ved Golsfjellet reinseanlegg. Reinseanlegga ligg i Gol kommune.

Rapporten stadfestar at det i 2024 vart gjennomført totalt seks prøvetakingar av kvar resipient. Resultata er lagt inn i Vannmiljø. Metodar og resultat blir presentert på ein oversiktleg måte, og det er gjort vurderingar av tilstand og påverknad. Det er også gjort ei samanlikning med data frå tidlegare år.

Det vart i 2023 gjennomført prøvetaking av begroingsalgar, og i tråd med pålegget om overvaking, skal det ikkje takast nye prøver før i 2026.

Vi tek årsrapporten for resipientovervaking av Hallingdalselva ved Gol reinseanlegg og Tisleifjorden ved Golsfjellet reinseanlegg til orientering.

Konklusjon

Gol kommune har ikkje avvik frå krava i løyvet i rapporteringsåret 2024. Gol avløpsreinseanlegg klarer både sekundærreinsekravet og reinsekravet for fosfor i 2024. Dette er ei stor forbetring samanlikna med føregåande rapporteringsår. Vi merkar oss at kommunen rapporterer at Gol avløpsreinseanlegg har kome inn i gode driftsrutinar etter ombygging og prøvedrift.

Statsforvaltaren merkar også at for 9 av dei 18 prøvene de har tatt for BOF5 ved Golsfjellet reinseanlegg, så oppfyller de berre prosentkravet, og ikkje konsentrasjonskravet.



Utover dei ovannemnde kommentarane tek vi eigenkontrollrapportane og årsrapportane for 2024 til etterretning.

For oppdatert informasjon om rapporteringskrav og metode viser vi til rettleiar for eigenkontrollrapporteringa for avløp, som er tilgjengeleg på:

<https://www.miljodirektoratet.no/skjema/avlop-rapportering/>

Rapporteringsskjema for 2025 vil vere tilgjengeleg for utfylling via Altinn frå februar 2026. Vi minner om at årsrapportering til Statsforvaltaren skal leggjast som vedlegg i Altinn. Skjema for årsrapportering heiter «Avløp – årlig rapportering» og finst i vårt skjemabibliotek:

[Skjema og tjenester | Statsforvalteren i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus](#)

Eigenkontrollrapportens data om årlege utslepp for avløpsreinsanlegg vil bli lagt ut på nettstaden Norske Utslepp i juni 2025. Se <https://www.norskeutslipp.no/no/Avlopsanlegg/?SectorID=100>

Gebyr for saksbehandlinga

Vi gjer merksam på at det vil bli kravd 10 400 kr gebyr for saksbehandling av eigenkontrollrapportane, med heimel i forureiningsforskrifta § 39-5 Gebyr for arbeid med eigenkontrollrapportar, som vart tatt inn i forskrifta i 2023. Gebyret er på 5 200 kroner per eigenkontrollrapport. For Gol kommune er det i dette brevet gitt ei samla tilbakemelding på 2 eigenkontrollrapportar. Gebyret vil difor utgjere 10 400 kroner.

Miljødirektoratet ettersender faktura.

Med helsing

Hilde Sundt Skålevåg
seksjonssjef
Klima- og miljøvern avdelinga

Irene Tronrud
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent